

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Möre.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvernes.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag:

Oppskr. av: L. J. Mork.

Gard: Mork.

(adresse): A f s e t.

G.nr. 10 Br.nr. 8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Mest eiga røynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Eng og utslaattar er truleg komne inn som nemningar her i seinare tid. Ekre og serleg attlege er fraa gamalt av brukt som namn paa dyrke jord som et "attlagt" til eng. Utslaattar i vanleg forstand fins ikkje her, da her ikkje nokon gong har vore brukt aa hausta eng utanfor innmarka. Eng paa udyrke jord blir kalla "smaamark". Höyet som vart hausta paa den dyrke eng vart kalla "langhöy" og höyet fraa den udyrke eng for "smaahöy".
- 2) Rydjing.
Smaamarka vart rydja for kvist og lauv kvar vaar like etter vaaronna. Det vart raka saman i dynger - "ry(d)jardongar"-som dels laag til dei rotne og dels vart dei brente. Øska vart ikkje spreidd utover.
- 3) Mosevaksen eng.
Noko sers for aa faa bort mosen i eng veit eg ikkje har vore gjort her, naar ein ser bort fraa dei saakalla "mosehorvar" som kom ibruk for 40 a 50 aar sidan. Dei viste seg snart ikkje aa vera sers tenlege til det bruke. Derimot vart dei mykje bruka til aa smuldre naturgjödsla paa eng med, og til det blir dei brukt enno der det er vanleg aa gjödsle enga med naturgjödsel.
Heimeavla grasfrö - "lemfrö" - vart vanleg til for omlag 50 aar sidan brukt til aa saa i aaker som skulle "leggjast att" til eng. Først i 90-aara vart det vanleg aa saa grasfrö, serleg timotei, seinare blanda med klöver og ^{me}andregre grasartar.
- 4) Myr og vassjuk eng. Vatning.
Det har neppe vore vanleg aa leida bort vatnet fraa slaattemark paa udyrka jord. Dog kom eg for nokre aar sidan over gamle grøfter i slik jord, da eg la an eit kulturbeite. Desse grøfter maa vara sers gamle, da ingen viste om dei för. Dei var steinsette og omlag 50 ~~an~~ djupe.
Vatning har sikkert ikkje vore brut her.
- 5) Gjösling.
Eng paa dyrka jord har sikkert fraa gamal tid vore gjödsla med husdyrgjösling som var oppsamla i vinterens løp. Truleg vart 1/3. til 1/2. av naturgjödsla brukt til det, mest hestegjösling og kugjösling. Sauegjödsla vart vanleg brukt til potetaakeren. Til vanleg vart brukt 6 - 8 lass a 1/4. til 1/3. m³ paa maalet.
- 69) "Fraueng" var vanleg nemning paa eng som var gjödsla, andre nemningar er ukjente her. Eng på udyrka jord
ng paa udyrke

vart ikkje gjödsla.

- 7) Der terreget var noko bratt nedover fraa husa, ville oftast bli^{at} "siget fraa husa" lokka fram kraftigare grsvokster enn elles, serleg tidleg om vaaren. Slike plassar vart kalla "vaattaa". Om husa var bygd slik med sikte paa aa nytta dette gjödselsiget, tør eg ikkje seia noko sikkert om. Nemningar som "tadsig" o. s. b. er ukjente her.

Det ser ut for at dei aller eldste aakerlappane med vilje var lagt paa haugar eller i tørre bakkar, truleg fordi at det her var mindre bry med aa faa bort grunnvatnet.

- 8) Enga vart gjödla om vaaren. Dei same øidskap var brukt baade til aaker- og enggjödsling. Vart gjödsla kjöyrt ut paa vogn, vart lasset i regelen delt i tre "muar", som vart spreidt utdver med ei greip av tre. Tregreipa vart brukt til aa spreida gjödsel med lenge etter at staalgreipa kom i vanleg bruk - for omlag 50 aar sidan. Nokre dagar etter at gjödsla var spreidt ("breidd") vart den smuldra ("sloa"). Dette gjekk for seg paa den maate at ein slede vart kjöyrt paa tvers over jorda, eller og ved at ein stor dusk björkeris vart kjöyrt over. I seinare tid har til vanleg vore brukt moseharv. Etterpaa vart saa større gjödselklompar raka bort.
- 9) Den dyrka enga vart vanleg beita baade vaar og haust. Fraa den tid det vart vanleg aa saa timoteifrö i attlegg - 40 a 50 aar - vart det slutt paa vaarbeitinga og for dei sist attlagte stykkjer og haustbeitinga med sau.
- 10) Vaarbeitinga kan reknast for aa vøre heilt slutt for omlag 40 aar sidan. Haustbeitinga har halde fram heilt til no og har kanskje helder teke seg opp i dei siste aara, da det er meir slutt med aa slaa haa-a.
- 11) Ukjendt her.
- 12) Naar dyra beitte paa heimemarka, overnatta dei i heimfjösset. Naar dei tidleg om vaaren beitte i utmarka, overnatta dei i somarfjös. Seinare paa somaren, naar beitinga föregjekk paa fjellet, laag dei i regelen under aapen himmel - paa saakalla "stölar". Der var ikkje hus til folk eller fe.
- 13) Sjaa framanfor. Elles ukjendt her.
- 14) 18) Ukjendt her.
- 19) Nemninga "trö" er bruka i samband med gardsnamn og namn paa einskilde jordstykkje. Saaleis her vi her i Kvernes namna "Nedalströa" og "Kverneströa". Desse gardar ligg noko avsides fraa sjöle hovudgardane og har truleg vore husmannsplassar. Andre Nemningar er ukjendte her.
- 20) Vanleg seterdrift har fraa gamalt ikke vore ibruk her. Saavidt eg kjenner til har her aa Averöya fraa gamalt vore berre ei seter: Nekstadsetra i Bremsnes herad.
- 21) För kunstgjödsla vart vanleg bruka, vart no og da bruka fiskeavfall, sild og no og da og tang som enggjödsling - iform av kompost. Fiskeavfallet var slog og some tider og rygger som dei hadde med seg heim fraa fiskevara. Sild var berre bruka naar det ikkje var råd aa faa solgt større fangstar.

L. Y. Thork.

M. o. Rensd.
Idvernes.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei.*

2166

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2166